

# Sirkulasjonssak til rådet ved Institutt for framandspråk

**Universitetet i Bergen, hausten 2021**

**Frist for å melda tilbake i saka: 14. oktober 2021.**

**Saka er sendt ut til:**

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Lene Johannessen, Ingunn Lunde og Kari Soriano Salkjelsvik.

Frå gruppe B: Runa Falck.

Frå gruppe C: Ingild Nilssen.

Frå gruppe D: Anja Eriksen, Christine Marie Mowinckel Fagg og Jihad Ammar Al-Mahdi.

## **Sirkulasjonssak 2-2021 – medlem til innstillingsutvalet for ny instituttleiar**

Kevin McCafferty er fungerande instituttleiar i påvente av tilsetjing etter utlysing. Stillinga er lyst ut for tredje gong, og det kom inn fem søknader til fristen 5. oktober. Ifølgje reglane for styringsorgana ved fakultet og institutt (§10 om tilsetjingsutval) skal instituttrådet peika ut ein av medlemane i dette innstillingsutvalet, og utvalet innstiller så til fakultetsstyret, som tilset den nye instituttlearen:

«Innstilling til instituttlederstillinger ved grunnenheter underlagt fakultetet foretas av et innstillingsutvalg med prodekan som leder, og fire medlemmer. To av medlemmene skal representere arbeidsgiver, ett medlem tjenestemennene og ett medlem studentene. Ett av medlemmene som representerer arbeidsgiver, skal være utpekt av det aktuelle instituttrådet. Det oppnevnes personlige varamedlemmer for lederen og medlemmene.»

(<https://regler.app.uib.no/regler/Del-1-Overordnede-rammer/1.3-Regler-for-styringsorganene/1.3.2-Regler-for-styringsorganene-ved-fakultetene-og-instituttene/Regler-for-styringsorganene-ved-fakultetene-og-instituttene>)

*Framlegg til vedtak: Instituttrådet peikar ut Åsta Haukås og Kjetil Berg Henjum til instillingsutvalet for instituttleiarstillinga, og dei avgjer seg imellom kven som stiller som representant, og kven som fungerer som vararepresentant.*

Saka er med dette sendt på sirkulasjon til medlemane av instituttrådet. Spørsmål og synspunkt i kan rettast til Kevin McCafferty, eller eventuelt sendast til alle rådsmedlemane på e-post. Om nokon av rådsmedlemane bed om det, kan det kallast inn til møte for å drøfta saka.

Dersom det ikkje kjem innvendingar til vedtaksframlegget over innan 14. oktober 2021, blir framlegget rekna som vedtak frå instituttrådet.

Kevin McCafferty,  
fungerande instituttrådsleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef